



I tillegg til mykje salmesong hadde desse innslag: F.v: Kristian Bringedal, Svanhill Haugland, Eva Megyesi og Sigrun Heen

**Uskedal sokneråd hadde bede inn til salmekveld i kyrkja måndags kvelden, og om lag 25 'medaktørar' hadde benka seg då Kristian Bringedal yngste velkomen kl. 19. Måndagen er ein god kveld for salmekveldar. Kyrkjekoret Nordsaang øver i kyrkja og hadde høve til å vera med på opninga med salmane GI oss no ei nådestund og Min største hjertens glede.**

Kristian, som også i kveld, hadde førebudd både seg og kveldens innhald godt, orienterte litt om kvifor soknerådet arrangerer slike kveldar, og kva som skulle vera tema for kvelden. Me fekk ny salmebok i 2013. Om lag 30 % av dei om lag 900 salmane er nye, og det er difor naturleg at ein vesentleg breitt vert lagt på nett desse. Med så mange nye salmar ligg det vel tilrette for at det kan verta mange salmekveldar framover?

Salmeboka er inndelt i 10 hovudbolkar, og byrjar med salmar relaterte til kyrkjeåret. Salmane i kveld står i bolken om Mennesket i Guds verd (Bolk V), i underkapitla Forvaltaransvar og ærefrykt for livet, Rettferd og fred, Kveld, og Årsskifte. Dei to fyrste underkapitla er svært så aktuelle tema å ta for seg i ei tid der både politikk og nye ideal kan synast å dra meir og meir i anna lei. Fleire av salmane som vart sunge i kveld, er dessutan særskilt tekne med i salmeboka for å medverka til breiare forståing mellom ulike kyrkesamfunn. Slik medverknad er og ein del av forvaltaransvaret.

Sigrun Heen heldt så ein appell som går på nett dei same to underkapitla:

Ho tok for seg flyktnings situasjonen og korleis me i Europa handterer han. Ting tyder på at solidariteten er i ferd med å verta sterkt utfordra. Me likar å kritisera ein del andre europeiske land, men bør kan henda fylgja litt med på korleis det står til med oss sjølve, og. Etter appellen heldt me fram med ein salme frå underkapitlet Rettferd og fred før me song firesalmar frå underkapitla Kveld, og Årsskifte.

Kantor Eva Megyesi spela J. S. Bach sin Sinfonia to Cantata no. 106: God's time is the best, arrangert av E.

Power Biggs.

Dei to siste salmane var Blå salme av Erik Bye, og No stig vår song av Edvard Hoem. Hoem og Torbjørn Egner hadde og skrive to av salmane i underkapitlet Rettferd og fred (731 og 740). Heile veggen ga Kristian interessante opplysningar om diktarar, omsetjarar og komponistar.

Til slutt takka Svanhill Haugland på vegne av soknerådet for frammøtet. Ho retta ein særskilt takk til Kristian, som hadde lova at han skulle organisera og leia kvelden saman med Eva, noko som til dei grader hadde fungert vel.

For eigen del vil eg seia at kvelden var svært utbytterik. Mange nye og ikkje minst svært fint tonsette salmar sto på programmet denne kvelden. Det er alltid ein fryd å få syngja til akkompagnement av kantor Eva. Dei musikalske tolkingane hennar gjer alltid meirsmak, og ho spelar med overtyding, sjølv om ho ikkje alltid har fått høve til å førebu seg så lenge på nytt stoff ved alle høve. Eg trur eg kjem til å gå neste salmekveld og, dersom eg ikkje er sjuk eller vekkrest.

Tekst/foto: Svein Rimestad

Nett: Kristian Bringedal